

**Hei!**

No nærmar det seg at de kjem på besøk til Nordfjord Folkemuseum, og det gler vi oss til!

**Nokre viktige punkt å vite om:**

- Elevane må vere kledde for å vere ute
- Elevar (og lærarar) må ha med niste sjølve
- Ein lærar må vere delaktig i siste del av opplegget

**For å utnytte tida best mogleg er det fint om vi kan få ei tilbakemelding på omtrentleg når de kjem, og når de må reise tilbake!**

**Skisse for dagen**

Vi samlar oss først i hovudbygget og snakkar om:

- \* Kva er eit museum og kvifor treng vi dei?
- \* Kva er ein tidskapsel og korleis ville elevane sine for 2019 sett ut?
- \* Vi ser på gjenstandar frå deira heimområde – kva kan dei fortelje oss?
- \* Nøkkelord: Resursutnytting

**Omvising i husa på museet – kva er skilnaden på å bu i Nordfjord før og no?**

Vi avsluttar dagen med **eplepressing, kverning av korn og å lage potetskaker**. Her vil vi dele klassa i tre grupper, og rotere på stasjonane. Viktig at læraren er medhjelpar i denne bolken.

Vi tek ein lenger matpause kring klokka 11, elles tilpassar vi med kortare pausar undervegs.

**Forslag til etterarbeid:**

- Samanlikn ressursbruken i dag med den for 150 og/eller 250 år sidan. Diskuter fordelar og ulemper. Likskapar og endring?
- Lag ein årstidskalender over kva du kan hauste frå naturen gjennom eit år. Korleis har hausting og forbruk endra seg dei siste 100 åra?
- Lag klassa sin eigen tidskapsel. Kva gjenstandar ville de putta i den og kvifor? Grunngje avgjerdene og skildr korleis ein skal sørge for å ta vare på gjenstandane. Om de gjer denne oppgåva blir vi glade for om de dokumenterer arbeidet og deler det med oss!

**Dersom de har spørsmål kan de sende ein e-post til: [eva.marie.felde@misf.museum.no](mailto:eva.marie.felde@misf.museum.no) eller ringe formidlar Eva Marie Felde på 995 48 828.**

**Det er de som bestiller og organiserer transport, men rekninga kan sendast til:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune

Løn- og rekneskapsavdelinga

Askedalen 2

6863 Leikanger

Merkast med «DKS Tidsskapselen + namn på skulen